

# Lyden av Sunnmøre på tv

**The Five Beats frå Hareid og Stine Nilsen frå Valle er blant deltakarane i Tore Strømøy sitt nye program «Lyden av Lørdag».**

Medlemmane i The Five Beats vart overraska då dei fekk telefon frå NRK med beskjed om at dei får ta del i den innleiande runden i tv-programmet.

– Vi vart påmeldt av ei kjekk dame frå Ulstein. Dette er sjølvsagt veldig positivt for oss, seier Atle Gjerde, gitarist.

**Opptak neste månad.** The Five Beats vart etablert i 1963. Dei har spelt inn plate, blitt gjenforeint og gjort mange spelejobbar rundt omkring på Sunnmøre. Dei spelar framleis gamalpop, no med bandmedlemmane Asbjørn Brubakk, Jogeir Gjerde, Lars Olav Ose, Atle Gjerde, Peter Demirov og Roger Røyset. NRK har gjort opptak på Hareid og laga eit førehands-sinnslag om bandet som blir vist i programmet. Akkurat no øver dei seks bandmedlemmane til tv-opptak i studio i

Oslo i byrjinga av september. I løpet av dei fire første programma skal ein jury med seks medlemmar plukke ut kvar sin deltakar som dei gir ekstra oppfølging og rettleiing. Vidare får tv-sjåarane høve til å stemme på den artisten dei likar best i dei neste tv-programma utover hausten.

**Har taktikken klar.** Målet er å finne hittil ukjende folkeunderhaldarar av typen Åge Aleksandersen, Jørn Hoel, Hellbillies eller DDE. Atle Gjerde og Five Beats har moderate håp om å vinne i sterk konkurranse med 23 andre deltakarar frå heile Noreg, blant dei Stine Nilsen frå Valle. Dei har i alle fall nok rutine.

– Vi får håpe at folk tenkjer at vi må satsast på før det blir for seint. Og skulle vi tape, så skal vi i alle fall tape med eit smil, lovar Atle Gjerde. «Lyden av Lørdag» har premiere på NRK 15. september.

KARL-PETTER LØVOLL  
karl-petter.lovoll@smp.no